

STATUSRAPPORT

Februar 2018



KULL 10: Frå venstre Kjell Ove Nordeide, ny dagleg leiar, Torvald Hjelden Sætrang, Innfjorden, Vetle Nordgård Mikkelsen, Odda, Thomas Vie Nordeide, Bergen, Per Lønning, Stord. Foto: Ivar M. Longvastøl

*Ein finn ikkje
noko før ein kjem
der det er*

Ivar Aasen

Stiftinga Nynorsk avissenter tek inn fire-fem journalistpraktikantar kvart halvår. Dei får fire månader praksis i Firda Media i Førde – landets største nynorske dagsavis – og deretter to månader praksis i ein annan redaksjon. Dei får over 20 førelesingar i språk, etikk og journalistisk metode, i samarbeid med NRK Nynorsk mediesenter som gir opplæring etter same modell for radio, fjernsyn og nett. Føremålet er å styrke rekruttering, nyskaping og utvikling i medium som publiserer på nynorsk. Mediebedriftenes Landsforening (MBL), Landssamanslutninga av nynorsk kommunar (LNK) og Firda Media står bak Stiftinga Nynorsk avissenter. Opplæringa er finansiert av Kulturdepartementet og Firda Media.

Jaggu var det plass til ein ungfole i Strilen



Av Erlend Nordland Kristiansen, journalist i Strilen

Etter å ha jobba i (læber) betalt frilansjobb i lokalavisa i halvtanna år stilte eg sjefen ultimatum då det opna seg ei ledig stilling. Og jaggu var det plass til ein ungfole i redaksjonen på fast basis.

Eg har ikkje fått aviso

Sjølv om eg kjende avisa frå før av, er det likevel noko heilt anna å starta opp i full stilling. For i ei lita lokalavis er det ikkje berre intervju, politilogg og nettrafikk som gjeld. Det er også brent kaffi, frankeringsmaskin, e-postkaos, "eg har ikkje fått aviso" og vittige spørkar om at me berre skriv om basarar.

Lærer bort digitale verktøy

Som redaksjonens klart yngste har det falle meg naturleg å ta ansvar på nokre felt meir enn andre. Forutan å lage gode saker er eg heile tida på kollegaene mine for å lære dei snarvegar, digitale verktøy og appar.

Tjue år gamle skrivefeil

I tillegg prøver eg å luka vekk skrivefeil som er innarbeidd gjennom tjue år. Ordboka er eit must for å utvikla meg vidare i eit bokmålsdominert landskap. Lesarar flest er flyktige og bryr seg lite om å gi tilbakemeldingar, enten det er skrivefeil eller journalistikk. Det stiller ekstra krav til meg om eg skal utvikla meg vidare. Men som det heiter på godt nynorsk: So far, so good!

Lokalavisene treng journalistar

– Vi treng ein journalist som skriv nynorsk. Har du tips om gode kandidatar som er ledige?

Det siste året har mange redaktørar kontakta Nynorsk avissenter, på jakt etter gode søkjarar. Det gjeld korte og lengre vikariat, men også faste stillingar. Unge journalistar som ønskjer seg fast jobb, har svært gode sjansar i typiske lokalaviser, særleg viss dei er villige til å flytte ut på bygda, seier Ivar M. Longvastøl, avtroppande leiar i Nynorsk avissenter.

Status februar 2018*

53 prosent av praktikantane arbeider i dag som journalistar.

- ✓ 17 er journalistar i fast jobb eller vikariat (53 %).
- ✓ 4 har fast jobb i kommunikasjonsbransjen (12 %).
- ✓ 7 tek vidare utdanning (22 %)
- ✓ 4 har andre jobbar (13 %)

**Etter at 32 praktikantar (åtte kull) har avslutta opplæringa.*

Desse har fått journalistjobb sidan juni 2017

Camilla Aasen Bø (kull 2) har fått fast jobb i Avisa Nordhordland, med redaksjon i Knarvik. Ho var tidlegare vikar i avisa.

Frode Grimelid (kull 2) er tilsett som vikar på Oslo-kontoret til framtida.no. Han har tidlegare jobba i Firda.

Malene Indrebø-Langlo (kull 3) har fått eitt års vikariat i samfunnsavdelinga i Bergens Tidende.

Erlend Nordland Kristiansen (kull 5) har fått fast jobb i Strilen, med redaksjon i Knarvik.

Elise Løvereide (kull 6) er frilansjournalist for Dag og Tid, Bygdanytt, framtida.no og Kilden kjønnsforskning.

Svein Olav Sæter (kull 8) er presse- og informasjonssoldat i Forsvaret.

Karen Anna Kleppe (kull 9) har fått eitt og eit halvt års vikariat i Kvinnheringen, der ho har ekstern praksis.

Tormod Ytrehus (kull 9) har fått eit halvt års vikariat i frifagbevegelse.no, der han har ekstern praksis. Nettstaden er ein del av LO Media.

Torvald Hjelden Sætrang (kull 10) har allereie fått fast jobb som journalist i den nye avisa Misundingen i Romsdal.



Etter fire månader i Førde er kull 9 i praksis i andre redaksjonar. F.v. Karen Anna Kleppe i Kvinnheringen, Nora Rydne i Dag og Tid, Rita Iren Hestad i Firda, Beate Haugtrø i framtida.no og Tormod Ytrehus i frifagbevegelse.no. Foto: Bent Are Iversen



Redaktør Svein Olav Langåker i *framtida.no* har nyleg søkt etter journalist, sommarvikarar og skribentar.

– Få andre leverer nyutdanna journalistar som skriv nynorsk

– Nynorsk avissenter er ein viktig kanal for oss. Avissenteret leverer gode folk, og det er ikkje så mange andre som lenger leverer nyutdanna journalistar som skriv nynorsk, seier Svein Olav Langåker, redaktør for Framtida.no, Framtida Junior og Magasinett.

Framtida er ei nyhende- og debattavis for barn og ungdom, med kring 20.000 brukarar i veka. Langåker har så langt hatt fire journalistar frå Nynorsk avissenter.

– Før kunne vi i større grad rekruttere frå studentavisene, men inntrykket mitt er at journalistane der nesten ikkje skriv nynorsk. Det er heller ikkje mange nynorskbrukarar frå dei tradisjonelle journalistutdanningane som søker hjå oss, seier Langåker.



Erlend A. Lorentzen framfor det nye polare forskingsskipet "Kronprins Haakon" i Bergen med kollegaer Ingunn Bakketeig og Kjartan Mæstad. T.h. Erlend på jobb då kong Harald besøkte havlaboratoriet i Bergen og fekk merke makrell saman med den islandske presidenten. Foto: Torny Aarbakke



Kan vere ein fordel å sitere forskarar på nynorsk

Av Erlend Astad Lorentzen, kommunikasjonsrådgjevar i Havforskningsinstituttet

Jobben min er å fortelje om spennande fenomen frå store djup og grunne skjær.

Å fortelje folk flest om kva Havforskningsinstituttet forskar på, og kanskje viktigast *kvifor*. Dette passar ypparleg for ein eigersundar fødd med nasen over bryggekannten, no oppvaksen til sportsfiskar.

Nyheitssniffing

Eg brukar metodar frå journalistikken, slik som nyheitssniffing, kjeldepleie, intervjueteknikk og nøktern forteljarstemme. Vi formidlar gjennom tekst, foto og video i våre eigne kanalar, og ved å tipse media om gode saker.

Solid språkmiljø

Kommunikasjonsavdelinga er framoverlent og kompetent. Vi er også eit solid språkmiljø som brukar nynorsk aktivt, for eksempel i sosiale medium. Nynorsk går særst godt saman med den enkle og presise tonen formatet krev.

Nynorsken hjelper meg elles med å formidle tung materie. Kansellistil er ikkje like velkommen der som i andre skriftspråk. Å sitere forskning og forskarar på nynorsk, kan derfor vere ein fordel. Forskarar flest set stor pris på å bli forstått!



Kjell Ove Nordeide (f.v.), ny dagleg leiar, Per Lønning, Vetle Mikkelsen, Thomas Vie Nordeide, Torvald Hjelden Sætrang.

Kull 10 i Nynorsk avissenter

For første gong er det berre unge menn i eitt kull i Nynorsk avissenter, men etter ti kull er det framleis flest kvinner som har gått her.

Torvald Hjelden Sætrang er 20 år og frå Innfjorden i Romsdal. Torvald er glad i å skrive, og etter vidaregåande gjekk han på Skjeberg folkehøgskole og lærte sportsjournalistikk. Han er interessert i det meste av sport, og også oppteken av politikk. Sist sommar var han vikar i lokalavisa Åndalsnes Avis, der han fekk stort ansvar frå første dag. Dette gav meirsmak, og han er på plass i Nynorsk avissenter for å lære meir journalistikk og bli betre i nynorsk.

Thomas Vie Nordeide (32) voks opp i Fyllingsdalen i Bergen, men har også sterke røter i Førde. Han er utdanna medievitar med mastergrad frå Universitetet i Bergen, og han har kommunikasjonsfag i fagkrinsen. Han har vore nettredaktør og reporter i studentavisa Samviten, og han har praksis frå Studentradioen og Bergen Student-TV. Thomas har tru på at journalistjobb i ei lokalavis er eit interessant og givande yrke, og den sterke tilknytninga til Sogn og Fjordane gjer at han satsar her.

Per Lønning er 25 år og frå Stord i Sunnhordland. Han har gått Viken musikkfolkehøgskole i Gjøvik, på lina Jazz-Pop-Rock. Han flytta til Bergen og har vore innoom fleire fag der, som psykologi, nordisk og samanliknande politikk, og han har gått eit halvt år på bibelskule i byen mellom dei sju fjell. Per er oppvaksen på gard. Han har vore ryddegut på hotell, har drive hjelpearbeid på Filippinane og har selt bustadalarmar. Med aukande samfunnsinteresse og -engasjement følgjer lysta til å bli journalist.

Vetle Mikkelsen (21) kjem frå Odda, men har budd dei to siste åra i Bergen der han har studert Kjønnsstudium og kulturvitskap. Engasjementet for nynorsk og språkmangfald byrja på vidaregåande skule i Odda, der han bytte hovudmål frå bokmål til nynorsk. Vetle har vore styremedlem i Sørfjorden Målungdom og lokallagsleiar i Skeiv Ungdom Hardanger og landsstyrerepresentant i Skeiv Ungdom. Han er ein ivrig debattant og meiningsberar, mellom anna i Si ;D i Aftenposten.

PS.1 Kjønnfordeling etter ti kull i Nynorsk avissenter: 24 kvinner – 17 menn.

PS.2 Fordeling på heimfylke: Sogn og Fjordane 13, Hordaland 12, Rogaland 6, Møre og Romsdal 5, Trøndelag 3, Buskerud 1, Akershus 1. Til saman 41 praktikantar.

Erfaren journalist og språkmann overtek leiarjobben

Kjell Ove Nordeide overtok som dagleg leiar i Stiftinga Nynorsk avissenter 1. januar i år. Firda var eigd av familien Nordeide fram til 1996, og Kjell Ove voks opp i og med avisa. Han har hatt mange ulike roller i redaksjonen, som redaktør, redaksjonssekretær, vaktsef og dei siste åra utgavesjef på papir og frontsef på nett. Kjell Ove Nordeide har også vore språkansvarleg i redaksjonen i mange år, og han var faglærer på avissenteret før han overtok som leiar. Ivar Myklebust Longvastøl har leia avissenteret sidan sommaren 2014. Han skal tilbake til stillinga som journalist i Firda frå september, og før det skal han skrive boka om Oddny og Magnar Kleiva, kjende frå filmene «Søsken til evig tid».



Forsvaret rosar nynorsken

Av Svein Olav Sæter, presse- og informasjonssoldat i Luftforsvaret

Eg er i dag presse- og informasjonssoldat for Luftforsvaret, og jobbar til dagleg på Luftforsvarsstabens hovudkvarter på Rygge. Her sit eg og skriv om ting som skjer i Luftforsvaret, enten for intranett, internett, eller magasinet F. Eg er også assistent for kommunikasjonssjefen og alle andre offiserar som kjem innom kontoret med stort og smått.

Det er ein interessant jobb, kor eg får sjå innsida av ein nokså stor organisasjon, og kor eg får skrive saker med kjelder eg aldri hadde hatt tilgang til som ein vanleg journalist. Av og til får eg òg bestillingssaker ovanfrå. Da er det vanlegvis ganske fritt, så lenge eg skriv om dei/det eg skal, men det er jo implisitt at ein ikkje skal komme med noko for kritisk til Luftforsvaret som eining.

Nynorsk avissenter førebudde meg utruleg godt for jobben, og sjølv om eg ikkje tok til med nynorsk før i januar i fjor, er eg den mest språksikre på kontoret, og eg må ofte gje tips og triks til dei andre der, som diverre berre skriv bokmål. Både under intervju og vidare arbeid var det eit klart pluss at eg skreiv nynorsk. Sjefane synest det er stas å få opp nynorskdelen, som staten no seier dei skal stramme inn, og eg har fått kommentarar frå dei eg skriv om, at dei synest det er kjekt at sakene blir på deira eige mål.

Ein lang veg til fast jobb



Foto: Bent Are Iversen

Av Elise Løvereide, statsvitar og frilansjournalist

Eg kom til Nynorsk Avissenter som nyutdanna statsvitar og med ei litt uklar retning på framtida. Eg visste at eg var samfunnsengasjert, skriveglad og at eg ville bli journalist, men eg visste ikkje så mykje om sjølve yrket.

Mange arbeidsgjevarar

Under praksisperioden gjekk eg langt utanfor mine komfortsoner, eg blei utfordra på alle plan og eg lærte utruleg masse. Etter Nynorsk avissenter fekk eg eit sommervikariat i Bergens Tidende, der eg tidlegare hadde vore praktikant. I september 2016 fekk eg eit vikariat i Framtida, og er framleis journalist her, med unntak av eit halvt års vikariat i vekeavisa Dag og Tid i 2017. Ved sida av Framtida og Dag og Tid har eg levert saker jamt og trutt for Bygdnytt, og i tillegg vore inne som tilkallingsvikar i Avisa Nordhordland. Stundom har eg også levert artiklar til ulike tidsskrift. Framover skal eg dessutan skrive frilans for Kilden Senter for kjønnsforskning.

Nynorsk opnar dører

Dei siste to åra har eg altså hatt vikariat og ulike oppdragsgjevarar som frilansar. Det har vore veldig hektisk, med varierende løn og kortvarige kontraktar. På den andre sida har eg utvida nettverket mitt og bygd meg opp mykje erfaring. Men eg har erfart at vegen til fast jobb i mediebransjen er nokså lang. Med få unntak har eg halde fram med å bruke nynorsk som arbeidsspråk. Eg har fått høyre fleire gongar at det er ein stor fordel at eg kan skrive nynorsk. Å lære dette målet har for meg opna mange dører inn i arbeidslivet, men dørene er som nemnt ikkje vidopne.

Tre søstertiltak

NRK Nynorsk mediasenter – for rekruttering og opplæring av nynorskbrukande journalistar for nett, radio og fjernsyn. Ti praktikantar i året. Drive av NRK sidan 2004. Samlokalisert med NRK Sogn og Fjordane i Førde. Senteret er opphavleg modell for NRK FleRE og Nynorsk avissenter. Leiar: Magni Øvrebotten.

NRK FleRE – for rekruttering av fleirkulturelle journalistar for nett, radio og fjernsyn. Fem praktikantar i året. Drive av NRK sidan 2008, samlokalisert med NRK Østlandssendinga i Oslo. Leiar: Marianne Mikkelsen.

Nynorsk avissenter – for rekruttering av nynorskbrukande journalistar til nett og avis. Åtte-ti praktikantar kvart år. Starta hausten 2013 og kom frå og med 2015 inn på statsbudsjettet. Samlokalisert med avisa Firda i Førde. Er i gang med det tiande kullet. Leiar: Kjell Ove Nordeide.

Førde, 21. februar 2018

Kjell Ove Nordeide, dagleg leiar

Yngve Årdal, styreleiar

Stiftinga Nynorsk avissenter,
Post- og fakturaadresse:
Firdavegen 12, 6800 Førde.
Telefon: 911 49 803 (dagleg leiar)
Org. nr.: 914961181



Følg oss på www.nynorskavissenter.no og på sida vår på Facebook og Instagram